

**Notat**Dato: 15.05.2018  
Arkivsak: 2014/16021-93  
Saksbehandlar: handyrn

---

**Til:** AMU fylkesadministrasjonen

---

**Frå:** Bjørg Larsen, hovudverneombod

---

**VAL AV MELLOMBELS LOKALE FOR ADMINISTRASJON I HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE - notat frå verneomboda i fylkesadministrasjonen****Bakgrunn:**

Hordaland fylkeskommune administrasjon bestående av Fylkeshuset, del av Wigandgården og del av Aasegården må flytte ut av disse bygga i tida det tar å rive og bygge nytt fylkesbygg. Hovudverneombod har vore med på synfaring på begge alternativ for mellombels lokale. Dei to mellombels lokale er TV2-huset på Nøstet og gamle Statoil-bygget på Sandsli. Fylkesrådmann har uttalt at mellombels lokale skal helst vere sentrumsnært lokale, og at HFK ønsker at alle skal sitte samla.

Det har vore møte med alle verneombod. Det har vore informasjon utlagt på intranett til HFK. Og det har vore høve å få informasjon og å stille spørsmål på ein samling i kantina på fylkesbygget med tillitsvalde og verneombod.

**Attendemeldingar:**

Det har vore stort engasjement rundt denne saka blant dei tilsette i sentraladministrasjonen i HFK. Det er mange og sterke meiningar. Attendemeldingar kom på samling i kantina, på e-post samt frå verneomboda etter at dei har fått innspel frå sine verneområdar. Dei som ønskjer at vi skal flytte til Sandsli er ikkje så sterkt i mot at vi flytter til Nøstet. Men dei som ønskjer at vi skal flytte til Nøstet er veldig sterkt i mot at vi flytter til Sandsli. For einskilde vil val av kontorlokale vere med å bestemme om dei ønskjer å fortsette å arbeide i fylkeskommunen eller ikkje.

**Reisetid/reiseveg:****Sandsli**

Når det gjeld Sandsli så er dette alternativ nær til Flesland, det er høve til kollektivtransport med buss og bybane. Det går og ekspressbusser og arbeidsruter.

Mange tilsette i HFK administrasjon har valt HFK som arbeidsplass bl a fordi arbeidsplassen er i sentrum av Bergen. Dei har lagt opp sin kvardag etter dette. Frå sentrum vil det bli ei reisetid på ca 45 minuttar kvar veg dersom ein reiser kollektivt. Dette vil for mange kome i tillegg til reisetid inn til Bergen sentrum – dette gjeld t.d. folk som bor i kommunar utanfor Bergen og i Bergen nord. Frå Bergen vest treng ikkje reise om sentrum, men vil likevel få lengre reiseveg inkl buss-bytte.

Fleire har nemnt dei med små barn i sine attendemeldingar. Med ekstra reisetid blir det for mange vanskeleg å rekke barnehage/SFO og å kunne følge opp sine barn på same måte som i dag. Ut i frå at HFK administrasjon har ein høg gjennomsnittsalder vil det vere særst viktig å ta vare på dei unge tilsette. Noen bor i sentrum, dei vil da måtte kjøpe Skyss-kort – noe som blir ein ekstra kostnad pr måned.

Lang reisetid samt bytte av transportmiddel, kan medføre at mange vil bruke privatbil dersom det blir Sandsli. Dette går mot HFK sin klimaplan. Dersom det blir høve å parkere privatbil vil fleire vere positive til Sandsli som alternativ for mellombels lokale.

### **Nøstet**

Det er litt gå-avstand til næraste kollektiv-transport.

Alle i HFK har søkt på en jobb i Bergen sentrum, og det vil bli små endringar i reisetid da HFK allereie er i sentrum.

Nøstet vil truleg medføre omlag same reisetid for dei tilsette på fylkeshuset, dog med litt ekstra gå-tid.

### **I arbeidstida:**

#### **Sandsli**

HFK vil kunne bli oppfatta som meir utilgjengeleg for publikum. HFK har mange møter med eksterne. For dei som kjem med fly vil Sandsli vere det beste alternativ. For dei som kjem frå skuler/kommunar i Hordland eller frå Bergen sentrum vil det bli mye ekstra reisetid til Sandsli. T.d. har mange tilsette på Opplæring mye av sin arbeidstid ute på skulene, både på planlagte møter/synfaringar, men også på uforutsette situasjonar, der ein må komme seg til skulen utan at det går for lang tid. Sandsli vil være usentralt for mange av disse, da reisetida til skulene i t.d. Åsane, Nordhordland, Arna og Årstad/sentrum vil auke betydelig. Fleire avdelingar har mange møter med t.d. Fylkesmannen, Vegvesen, Bergen kommune. Alle disse held til i Bergen sentrum.

For tilsette som skal på møter i sentrum vil det fort gå 1 time ekstra i kvar ende av kvart møte.

### **Nøstet**

For kundegruppa til HFK, så blir Nøstet den beste løysinga mtp tilgjengelegheit, her kommer man seg med sykkel, gåande, bil, båt og bybane, tog, buss - med ein kort luftetur

Det kan t.d. nemnes Etablerersenteret som i løpet av året har mange ulike kurs og nettverkstreff, alle kurs vert held i sentrum. Dette har vore ei helt klar forutsetning og som de har marknadsført tydelig. Dei har kursdeltakarar frå fleire kommunar. Pr. i dag held dei de fleste av kursa i Wigandgården. I tillegg tilbyr de ca 250 timer rettleiingstimer i året, dei aller fleste i Fylkesbygget. Dei har også nettverkstreff både på norsk og engelsk, med ca 800 deltakarar kvart år – eit tal som er i sterk vekst. Dette er også i sentrum.

Eit anna argument er viktigheten rundt sentral plassering for enkelte fagdelingar og funksjoner. Mange har pekt på utfordring rundt møteaktivitet med sentrale samarbeidspartnarar og at lengre reisetid vil føre til at tilsette må bruke store deler av sin arbeidskvardag på reise mellom Sandsli og møteplasser i sentrum. Tilgjengelegheita for de som bruker våre tenester er også et viktig argument for at HFK bør bli i sentrum.

Det er viktig at HFK er lett tilgjengelig frå alle deler av byen/fylke. Det er viktig at vi er tilgjengelig for våre samarbeidsparter i sentrum også i forhold til kollektiv transport og reise/møter.

**Kontorlokala:****Sandsli**

Det er ikkje tvil om at dette er dei beste kontorlokala av dei to alternativa. Sjølv om ein skilde tilsette i Statoil meiner at dette er eit nedslite bygg som dei flytta ut av.

Lokala til Statoil er eit bygg frå 80-talet. Statoil har gjennomført vesentlege oppgradering fram til dei flytta ut. På Sandsli kan alle tilsette i administrasjon sitte samla. Sandsli vil vise ein samla fylkeskommune i ei krevjande tid med samanslåing og nytt bygg. Brukarane vil finne alle i same bygget. Bygget på Sandsli er bygd slik at ein har dei rette fasilitetane tilgjengeleg under same taket. Nesten alle vil kunne få sitt eige kontor. Dette er spesielt viktig med omsyn til dei som har utfordringar med å sitte saman med/nær andre. Det er eit stort bygg, stort areal – kan bli vanskeleg å halde på eit godt arbeidsmiljø.

Einskilde seksjonar i HFK jobbar med sensitive opplysningar. Det er viktig at desse seksjonane blir ivaretatt så dei kan sitte avskjerma frå andre. For disse vil nok Sandsli vere eit betre alternativ enn Nøstet.

**Nøstet**

I lokale til TV2 blir det ope landskap for omlag 80%. Det er litt eldre lokale. Her vil det ikkje vere plass til alle, så evt må del av Aasegården beholdas. Her er det to forskjellige bygg med mange «kriker og kroker». Bygget var ikkje utflytta når vi var på synfaring. Så inntrykket ble nok litt prega av det. Utleier poengterte at det var god ventilasjon, og vi må anta at dette held minstekrav for universell utforming.

Dårlige og upraktiske lokale og bygg der vi vil bli delt sidan det ikkje er plass til oss alle, vil skape dårleg arbeidsmiljø.

Det er viktig og tenke på at vi skal være der i 3 år og lokala må være gode med tanke på helse. Mange har forskjellige plager som vil kunne forverra seg.

**Utfordringar:**

For lokalet på Nøstet vil det måtte jobbas med å gjere lokala så gode som mulig. Det vil bli ein stor overgang for en del tilsette, og vi ser at det nok må gjerast ein del tiltak for å tilpasse lokala til HFK sine behov.

Dersom det blir Sandsli-alternativet er det en forventning frå tilsette om ei del tilrettelegging på bakgrunn av at arbeidsplassen flyttas ut av sentrum. Bilbruken vil auke kraftig, og det forventas at man stiller parkeringsplasser til disposisjon. Økt bruk av heimekontor, at reisetid kan registreras som arbeidstid, at arbeidsgivar dekkjer ekstra reiseutgifter er alle tiltak som dei tilsette forventar å diskutere med arbeidsgivar dersom man går for Sandsli-alternativet.

Vi legger til grunn at både Sandsli og Nøstet oppfyller nødvendige krav til universell utforming, og at begge kan ivareta tilsette som har spesielle behov og tilpasse dei i dei mellombels kontorlokala.

**Tilråding:**

Det har vore ei klar overvekt av tilsette som ynskjer at administrasjon i Hordaland fylkeskommune skal ha mellombels lokale i det gamle TV2 bygget. Verneomboda/AMU tilrår difor at mellombels lokale blir TV2 bygget.